



Arkivnr: 2014/430-21

Saksbehandlar: Stein Ottosen, David Sandved, Per Morten Ekerhovd

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		13.05.2014

Tilskot til fartøyvern 2014

Samandrag

Saka gjeld tildeling av midlar til fartøyvern, til saman kr 1.680.000. Av desse er kr 840.000,- statlege midlar til fartøyvern frå Riksantikvaren og kr 840.000,- fylkeskommunale midlar. Det ligg føre 32 søknader til handsaming. Av desse er det innstilt positivt på 21 av søknadene, medan 11 får avslag. Samla søknadssum er kr 7.264.513.

Fylkeskultursjefen har meldt seg inhabil i denne saka då mannen hennar, Egil Sunde, er styreleiar i det frivillige laget Vulcanus Taubåtkompani.

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet løyver kr 1.680.000,- av budsjettpost 10.400.650.04 slik:

1	M/S Midthordland	50.000
2	M/S Bjørn West	50.000
3	Gurine	0
4	M/B Ingrid	0
5	Buesund	40.000
6	M/F Bjørnefjord	40.000
7	M/S Axel	40.000
8	M/F Skånevik	260.000
9	M/K Sjøgutt	50.000
10	M/S Vestgar	50.000
11	Loddebåt	0
12	M/F Folgefonn	60.000
13	M/K Vikingen	40.000
14	M/Y Faun	20.000
15	S/J Mathilde	80.000
16	M/B Quest	90.000
17	Seladon	0
18	Loyal	0

19	D/S Oster	130.000
20	D/S Stord	320.000
21	M/S Skjærsund	0
22	M/S Lete	40.000
23	M/S Granvin	100.000
24	M/K Vaarsol	0
25	Loddebåt ex D/S Utrøst	0
26	M/S Lenda	0
27	MK Linholm	0
28	M/Y Tysso	30.000
29	Vulcanus	0
30	Markol V	50.000
31	M/S Tysnes EX Vartun	90.000
32	Bjørn	50.000
		1.680.000

2. Kultur- og ressursutvalet ber fylkesrådmannen vurdere ordninger for viktige fartøy som fell utanfor tilskotsordninga, til dømes s/s Seladon, s/s Loyal og s/s Gurine.
3. Kultur- og ressursutvalet ber om at sak om revisjon av retningslinene for tilskot til fartøyvern vert lagt fram på grunnlag av brev frå Riksantikvaren.
4. Kultur- og ressursutvalet viser til søknad frå Stiftelsen D/S Stord I, og ber fylkesrådmannen om å leggje fram sak om fylkeskommunalt driftstilskot til utvalde fartøy frå budsjettåret 2015.

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Bård Sandal
settekultursjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Omtale og vurdering av søknadene
Liste over verna fartøy i Hordaland
Brev frå Riksantikvaren
Brev med søknad frå Stiftelsen D/S Stord I

Fylkesrådmannen, 07.04.2014

Fartøyvern er eit fagområde som seint vart ein del av det institusjonaliserte kulturminnevernet. Frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Det har i liten grad vore rammer for å utvikle ein sterk regional politikk for å støtte opp under desse kreftene, og øyremerkte midlar til vern av fartøy har vore på eit lågt nivå samanlikna med andre felt innan kulturminnevernet. Hordaland fylkeskommune har likevel gjennom sin kulturpolitikk bidrege til tiltak som har verka positivt for å utvikle breidda i det samla fartøyvernet, t.d. oppretting av Hardanger fartøyvernssenter (no del av Hardanger og Voss Museum) og Oselvarverkstaden.

Fartøyvern har vore eit statleg forvaltingsansvar som er delegert frå Miljøverndepartementet til Riksantikvaren. For å utvikle det regionale fartøyvernet vart eit prøveprosjekt sett i gong i Savos-området (Samarbeidsrådet for Vest- og Sørlandet) frå 2001. Prosjektet etablerte ei ny tilskotsordning i fylkeskommunane med statleg og fylkeskommunale andelar. Storleiken på ordninga vart sett ved at fylkeskommune og stat løyvde ei krone for kvar innbyggjar i fylket.

Frå og med 2003 har staten v/Riksantikvaren kvart år ført over kr 440.000 til Hordaland fylkeskommune (Statsbudsjettet kapittel 1429, post 74). Hordaland fylkeskommune har sett av ein tilsvarande sum til tilskotsordninga i sine årsbudsjettet. I 2013 vart denne løyvinga auka med 400 000,- i budsjettet og Hordaland fylkeskommune bad Riksantikvaren om å overføre ein tilsvarande sum til Hordaland (840.000,-). Med dette grepet auka tilskotsposten til kr 1.680.000,-.

Nasjonale og regionale retningslinjer

Ved vurderinga av kulturminneverdien er tildelinga av status som verneverdig fartøy eit sentralt element. Innafor bygningsvern har nemninga "verneverdig" ikkje hatt nokon formell status med mindre det er knytt opp mot eksisterande planar.

I fartøyvernet har det ved fleire høve synt seg vanskeleg å sameine nye reglar for tryggleik med den "gamle" teknologien som dei verna fartøya representerer. Dette har resultert i løysingar som har gått på kostnad av dei antikvariske prinsippa. Sjøfartsdirektoratet, Norsk Forening for Fartøyvern og Riksantikvaren inngjekk i fellesskap ein avtale om etablering av formuleringa "verna skip" i Sjøfartsdirektoratet sitt regelverk.

Eigaren av fartøyet kan søkje Riksantikvaren for å få tildelt status som verneverdig fartøy. Når eit fartøy får tildelt slik status må eigaren forplikte seg til å følgje gjeldande antikvariske retningslinjer ved vedlikehald og istandsetjingsarbeid.

Dette er ei viktig rettesnor, men i regional samanheng kan Riksantikvaren og fylkeskommunen i nokre tilfelle ha ulike oppfatningar om eit fartøy sin kulturminneverdi. Ved tildelinga av regionale midlar er det viktig at omsynet til regionale interesser vert lagt til grunn. Fylkesdelplan for kulturminne er eit viktig reiskap i så måte.

I 2013 vart det utarbeidd vedteke nye retningslinjer for tilskot til fartøyvern. Desse vart vedteke i Kultur- og ressursutvalet i sak 31/13 den 05.03.2013.

Statlege føringar

I brev frå Riksantikvaren 04.02. 2014 vart det stilt krav om at statlege midlar frå fartøyvernpotten berre skal nyttast til fartøy som står på lista over verneverdige fartøy.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare nytta denne tilskotsposten til fartøy som SS Loyal og SS Seladon. I år hadde administrasjonen også innstilt på å gje midlar til SS Gurine. Men i brevet frå Riksantikvaren er det stadfesta at dersom ein løyver midlar til desse fartøya, vert den statlege overføringa redusert med ein tilsvarande sum.

På bakgrunn av dette foreslår administrasjonen at det frå og med 2015 vert stilt krav om at fartøy som får løyvingar under denne tilskotsposten, må ha fått tildelt status som verneverdig fartøy.

Fylkesrådmannen har forståing for at Riksantikvaren praktiserer strenge retningsliner for dei sttlege løyvingane. Samstundes fører det til at viktige fartøy for kystkulturen i Hordaland ikkje lenger vert tilskotsverdige. Det er behov for å sjå på alternative løysingar for fartøy av høg regional verdi som fell utafor tilskotsordninga.

Gjennomføring av tiltaka

Når tiltaket er godkjend og det er semje om kva metodar som skal nyttast og kva type materiale som skal brukast, kan arbeidet starta opp.

Etter at tiltaket er gjennomført vert fartøya nokre gonger synfarte. Ved andre høve er dokumentasjonen som er gjort god nok til at tilskotet vert utbetalt. Størsteparten av tiltakshavarane legg stor vekt på god dokumentasjon.

Øyremerka midlar frå Riksantikvaren til fartøy i Hordaland 2014

I tillegg til den fylkeskommunale ordninga løyver Riksantikvaren etter årvisse vedtak midlar direkte til fartøy i Hordaland.

Tildelingar 2014 frå RA	Beløp
Folgefonn	360.020
Mathilde	282.000
Midthordland	533.400
Skånevik	1.269.000
Sjøgutt	200.000
Vestgar	1.156.455
Vulcanus	1.500.000
Hordaland fylkeskommune	840.000 (tilskotsordninga)
Samla	6.140.875